



Terje Arnesen gjekk på dagen

**Administrerende direktør Terje Arnesen, som er frå Uskedalen, har gått på dagen frå jobben som toppsjef i oljeselskapet Rocksource etter berre eit halvt år. Han gjev uttrykk for at det ikkje skjedde med hans vilje.**

**Selskapet har sitt hovudkontor i Bergen. No er det styreleiar Frode Sigurd Berg som skal fungera inntil vidare. Finansdirektør Hans Petter Klohs sluttar i august**

Arnesen er ikkje overraska over det som er skjedd på bakgrunn av det som er skjedd på eigarsida i det siste.

Han veit ikkje kva han skal gjera framover, men har endel styreverv som han vil halda fram med. Han har jobba med restrykturering av selskap i 10 år og ser ikkje bort ifrå at det kan dukka opp ein ny mogelegheit.

I første kvartal hadde selskapet ein minus før skatt på 27,35 millionar medan det var ein minus på 78 millionar i same periode i fjor.

Selskapet gjorde i fjor eit av dei største funna på norsk sokkel, i pil- og bue-området, og skal no halda fram med fleire leiteboringar i dette området.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Privat